



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 19.06.2009.

GÅR DU MED TANKAR OM Å INVESTERE I DRIFTA ?

SLÅ TIL NO!!

Under siste jordbrukstingingar vart det sett av 150 mill i ekstra BU-midlar, i tillegg vart rentestøtta auka med 300 mill.

Auken fører til at Innovasjon Norge har meir pengar til fordeling og sjansen for å få tilskot og rentestøtte er for tida god.

Prosjekt som kan finansierast kan vere:

- Fjøs til ulike husdyr – nybygg, påbygg, større ombyggingar
- Standardheving og kapasitetsutviding i tilleggsnæringar
- Vidare satsing på frukt og bær

Det kan gjevast inntil 30 % tilskot, avgrensa oppover til kr 750.000, og inntil 60 % rentestøttelån av godkjend kostnadskalkyle.

Vurderer du å investere i drifta så ta kontakt. Underteikna har etter kvart vore med å planlagt ein god del fjøs til geit, både nybygg, ombygging og påbygging.

Ved sjukdomssanering vel mange å gjere så omfattande investeringar i driftsbygningen at det kan søkjast om tilskot og rentestøtte gjennom Innovasjon Norge

Gjeld det investeringar i andre ting kan eg vere behjelpeleg med å skaffe planleggingskompetanse.

Alle investeringssaker som skal handsamast av Innovasjon Norge må vere godt gjennomarbeidde og m.a. syne at tiltaket er økonomisk tilrådeleg.

Ved felles innsats og god planlegging skal vi kunne klare å få prosjektet ditt fram til søknad om finansiering i løpet av hausten.

Med helsing

Ola Søgnesand